

Treng du å ta kontakt med oss?

Vi får nytt telefonnummer
og innfører ny telefontid

Informasjon
til deg som har
heimetenester!



For å kunne gi brukarar og bebuarar i heimetenesta og bufellesskapa *best mogleg oppfølging og kvalitet* i tenestene innfører heimetenesta ny telefoniordning frå **1. mars 2026**.



Det er mange som mottar tenester frå heimetenesta, og som har behov for å kontakte oss av ulike årsaker. På grunn av stor pågang både frå tenestemottakarar og samarbeidspartnarar ser vi behov for å informere om korleis de på beste måte kan kontakte oss, slik at du får snakke med rett person til rett tid. De vil ikkje lenger nå oss på dei tidlegare telefonnummera som har vore nytta til heimetenesta. Desse nummera vil bli avslutta.

Nytt telefonnummer frå 1. mars:



Telefontid for avdelingane:

Framover vil heimetenesta ha faste telefontider, der brukarar og pårørande og andre kan ta kontakt per telefon. Dette gjer vi for å redusere forstyrringar i tenesteytinga og sikre at dei tilsette kan vere mest mogleg til stades hjå brukarane.

Telefontidene er:

Kl. 11.00 – 12.00

Kl. 17.00 – 18.00

Den nye ordninga er ikkje meint å gjere heimetenesta mindre tilgjengeleg, men å bidra til betre kvalitet i tenestene. Ved færre avbrot kan dei tilsette konsentrere seg om oppfølging og omsorg. Avdelingsleiarane, sakshandsamarteamet og reinhaldsavdelinga når du på same nummer.

Om du treng legetilsyn ber vi deg kontakte:

Fastlegen din

Legevakt på telefonnummer **116 117**

Ambulanse på telefonnummer **113** dersom du treng akutt helsehjelp

Ressurspersonane innan *syn/hørsel* arbeider ute i heimane til dei som treng vår hjelp. Ressurspersonane har per no ikkje faste dagar der dei er tilgjengelege på kontoret.

Treng du kontakt med nokon andre i kommunen?

Om du er usikker på om det er heimetenesta du skal snakke med, kan du ringe Stad kommune sitt sentralbord 57 88 58 00. Dei kan hjelpe deg med å komme i kontakt med rett person/avdeling.



Stad kommune

post@stad.kommune.no
www.stad.kommune.no